



Seljord

Samfunnsutvikling og drift

# Kommunale målsettingar for hjorteviltforvaltning

2022-2024 Seljord Kommune



Vedtatt i samfunnsutvalet .....

# Innholdsfortegnelse

	1
<b>1.0 DEFINISJONAR</b>	<b>3</b>
<b>2.0 INNLEIING</b>	<b>4</b>
<b>3.0 BESTANDSUTVIKLING</b>	<b>4</b>
<b>4.0 BEITEGRUNNLAG</b>	<b>6</b>
<b>5.0 GAMLE MÅLSETTINGAR</b>	<b>6</b>
5.1 OVERORDNA OG LANGSIKTIGE MÅL	6
5.2 KORTSIKTIGE MÅL	7
<b>6.0 STATISTIKKAR OG STATUS PÅ KVAR VI ER I FORHOLD TIL MÅLSETTINGAR 2019 – 2021</b>	<b>8</b>
6.1 STATISTIKKAR ELG	8
6.2 STATUS PÅ ELG I FORHOLD TIL MÅLSETTINGANE FOR PERIODEN 2019 – 2021	13
6.3 STATISTIKKAR HJORT	14
6.4 STATUS PÅ HJORT I FORHOLD TIL MÅLSETTINGANE FOR PERIODEN 2019 – 2021	15
6.5 STATISTIKKAR OG STATUS PÅ RÅDYR I FORHOLD TIL MÅLSETTINGANE FOR PERIODEN 2019 – 2021	16
6.6 HJORTEVILT OG TRAFIKK	16
<b>7.0 MÅLSETTINGAR FOR HJORTEVILT 2022 - 2024</b>	<b>17</b>
7.1 MÅL FOR FORVALTING AV ELG	17
7.2 MÅL FOR FORVALTING AV HJORT	18
7.3 MÅL FOR FORVALTING AV RÅDYR	19
<b>8.0 ORGANISERING</b>	<b>20</b>
8.1 AVVIK FRÅ GODKJENT BESTANDSPLAN	20
8.2 DIREKTE TILDELING FRÅ KOMMUNEN	21
<b>9.0 FELLING AV SKADEGJERANDE HJORTEVILT</b>	<b>21</b>
<b>10.0 NEDKLASSIFISERING</b>	<b>22</b>
<b>11.0 KASSERING AV DYR</b>	<b>22</b>
<b>12.0 ETTERSØK/SKADESKYTING</b>	<b>22</b>
12.1 KUNSTIG LYS PÅ ETTERSØK	22
<b>13.0 REGISTRERING/ANSVAR</b>	<b>23</b>
13.1 JAKTLEIAR	23
13.2 VALDSLEIAR	23
13.3 KOMMUNEN V/VILTFORVALTAR	23
<b>VEDLEGG: FRISTAR</b>	<b>23</b>
KOMMUNENS FRISTAR	23
GRUNNEIGAR OG JAKTRETTSHAVARS FRISTAR	24

## 1.0 Definisjonar

**Teljande areal:** Det arealet som vert lagt til grunn for tal fellingsløyve. For rådyr, hjort og elg skal hovudsakleg areal av produktiv og uproduktiv skog og areal av myr under skoggrensa reknast med. Etter plan- og bygningslova (PBL) er dette arealet lagt ut som LNF-område (landbruk, natur og friluftsliv).

**Minsteareal:** Storleiken på det teljande arealet som skal leggjast til grunn for berekning av fellingsløyve. Minsteareal vert fastsett av kommunen gjennom «*forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr, Seljord Kommune*».

**Vald:** Eit geografisk område som er godkjent til jakt på hjortevilt. Valdet får tildelt fellingsløyve frå kommunen.

**Jaktfelt:** Eit mindre geografisk område innanfor eit vald som jaktrettshavarane har avgrensa av omsyn til jakta.

**Bestandsplanområde:** Eit område som utgjer to eller fleire vald som samarbeider om å utarbeide bestandsplan for elg og/eller hjort. Vert godkjent av kommunen etter søknad.

Omgrepet bestandsplanområde vart innført i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* i 2012. Det vart innført for å gjere det enklare å få til store nok område til å forvalte størstedelen av ein hjorteviltbestand samla gjennom bestandsplanar utan at valda treng å slå seg saman.

Eit bestandsplanområde kan bestå av to eller fleire vald som samarbeider om ein felles bestandsplan. Samarbeidet skal vere forpliktande, og det må utarbeidast vedtekter for bestandsplanområdet.

Bestandsplanområde og vald kan gå over både kommune- og fylkesgrenser. I slike tilfelle er det den kommunen der størstedelen av det godkjende arealet ligg som administrerer valdet eller bestandsplanområdet.

**Bestandsplan:** Jaktrettshavarane sin offentleg godkjende, fleirårige plan (2 til 5-års plan) med mål for bestandsutviklinga (populasjonsutvikling) og skildring av den årlege avskytinga.

### Roller og ansvar i hjorteviltforvaltninga

Kommunen: Etablerer *overordnede mål* for utviklinga av hjorteviltbestandane. Tek i vare *andre interessar* (jordbruk, skogbruk, påkøyrslar, naturmangfald, offentlige interessar etc). Fastsett *minsteareal*, godkjenner *vald og bestandsplanområdar*, tildelar *fellingskvotar* og *behandlar skadefellingssøknadar*.

Grunneigar: *Einerett til jakt* på sine areal. Samarbeider om hjorteviltforvaltninga gjennom *vald og bestandsplanområdar*, samt organiserer jakta gjennom *jaktfelt*. Utarbeidar *bestandplanar* som er i tråd med *kommunale målsettingar*.



## 2.0 Innleiing

Kommunen skal vedta målsettingar for utviklinga av bestandane (populasjonane) av elg, hjort og rådyr der det er opna for jakt på arten(-ane). Måla skal mellom anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfaldet, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane, jf § 3 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*. Jakt er det viktigaste og mest effektive verktøyet i forvaltninga av elg og hjort. Ved å endre på kvotar og kva for type dyr som blir teke ut, kan ein auke eller senke bestanden, eller endre forholda mellom kjønn og alder. Ved å auke eller redusere bestanden kan vi indirekte påverke beitetrykk, tal på trafikkulykker, slaktevekter og fruktbarheit. Fastsetjing av minstearealet er eit av dei viktigaste verkemidla kommunen har for å regulere hjorteviltbestandane. Kommunen kan fastsetje ulike minsteareal for ulike delar av kommunen dersom det er vesentlege skilnader i beitegrunnlag, bestandstettleik eller skadepress. I tilfelle der ein får spesielle situasjonar med hjortevilt som er til fare for skade på personar, eller at dei fører til trafikkfarlege situasjonar, kan kommunen vurdere skadefelling, jf *naturmangfoldlova § 18*.

Dei kommunale måla skal vere eit grunnlag for valda og grunneigarane si forvaltning av viltet. Kommunen si plikt til å utarbeide mål inneber ikkje ei plikt til å utarbeide ein avskytingsprofil for artane i si kommune. Eit slikt ansvar ligg til rettshavarane. Jaktvald som lagar bestandsplanar må utforme desse i samsvar med dei kommunale måla. Rettleiaren frå Miljødirektoratet M-478, 2016 «*Forskrift om forvaltning av hjortevilt – med kommentarer*» legg rammer for korleis hjorteviltet skal forvaltast lokalt i ein kommune.

## 3.0 Bestandsutvikling

I [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no) er det registrert felte elgar frå og med 1986 i Seljord. Det er sett elg-skjema (tidlegare papirutgåver) som ligg til grunn for registreringane i store deler av perioden heilt fram til dei siste åra då det er registrert elektronisk via [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no). Vi har registrert detaljerte opplysningar om fellingsløyva tilbake til 2004. Frå 1999 er det samla inn ein god del slaktevekter for felt elg.

Statistikkane er ikkje heilt komplette. Men dei vi har ligg tilgjengelege på Hjorteviltregisteret. Frå materialet vert det rekna ulike relative mål (indeksar) på strukturen til bestanden og på storleiken. Målet med «sett elg» og «sett hjort» er ikkje å telje opp det sannsynlege tal dyr i bestanden, men å samle representative observasjonar og få eit inntrykk av utviklinga. I 2018 vart det innført ein ny metode for føring av sett elg og hjort. Dette gjer eit skile og er ein faktor ein må merke seg når ein samanliknar statistikkar for sett elg og hjort før og etter 2018. Mange er ueinige i denne metoden å føre sette dyr på, men ein felles praksis for innsamling og bruk av metodikken er avgjerande for å oppnå samanliknbare tal mellom år (dvs. ein felles instruks for alle jegerar i heile landet). Det er difor viktig at alle fylgjer denne måten å føre sett elg og hjort på, viss alle skal gjere det forskjellig så har ikkje tala nokon verdi.

Resultata av sette elg i Seljord viser ein liten oppgang dei siste åra frå 2013 til 2017 og frå 2018 til 2021 ser ein og ei svak auke (korte periodar), men ein nedgangstrend om ein ser frå



år 2000 og framover. Utviklinga på kalv pr ku (rekrutteringa av kalv) viser ein svak nedgang frå år 2000 og fram til 2019, men har dei to siste åra teke seg litt oppatt. Kalv pr kalveku (tvillingraten) viser ein svak tendens nedover. Slaktevektene går sakte, men sikkert nedover. Men det er viktig å vere klar over at det framleis manglar ein del registrering av vektorer, så talmaterialet er svært lite og difor usikkert.

Bestanden av elg auka fram mot slutten av 1990-talet. I 1999 vart det felt 179 elgar i heile Seljord. Bestanden var ei tid høgare enn det som vart rekna som berekraftig, og skadane på skog og skader i landbruket var merkbare. Det var også ein del trafikkulykker mellom bil og hjortevilt. Somme stader var det problem med elg som var heilt inn til bustader og gjorde folk urolege. Kvotene vart auka, og det var ei villa utvikling med dei høge kvotene. Etter jakta i 2012 var bestanden redusert ned mot det halve av det toppåret 1999 viser. I 2012 vart det felt 91 elgar. Sjå statistikk under 6.1.

Uttaket (fellingsprosenten) i dei to føregåande planperiodane 2016-2018 og 2013-2015 har vore mindre enn det som var eit ønske frå dei fire storvalda. I 2018 var fellingsprosenten på elg på ca 74, og i 2015 var fellingsprosenten nede i 48. Uttaket (fellingsprosenten) har naturleg nok variert mellom valda. Men i siste planperiode 2019 – 2021 har fellingsprosenten auka, og var i 2021 på 85,2 %. Alle dei fire valda hadde i sine bestandsplanar for perioden 2019 - 2021 eit hovudmål om auke i elgbestanden. For å nå dette målet hadde dei felles strategi med å ha eit høgare prosentvis uttak av ungdyr og kalv. Målet var 60 % kalv og ungdyr der minimum 20 % skulle vere kalv. Dei ynskte i større grad enn tidlegare å spare produksjonsdyra.

Hjorten er meir ulikt fordelt i kommunen, men registrering av hjortejakt og sett hjort er dårleg og gjer oss difor dårlege tal. Inntrykket er likevel ei auke i hjortebestanden og ein er redd for at den vil fortsette å auke raskt dei neste åra. Det er difor eit ynskje i storvalda om å stabilisere hjortebestanden på dagens nivå. Det blir difor viktig at ein registrerer hjortejakt og sett hjort på lik linje med elgjakt og sett elg framover, slik at ein får pålitelege tal for utviklinga til bruk i forvaltninga i åra som kjem.

## 4.0 Beitegrunnlag

FAUN utførde i 2019 ei beitetaksering i Vestfold og Telemark, og for Seljord sin del så blei resultatet slik:

**Plantetettleik:** I gjennomsnitt blei det registrert 44 furu, 295 bjørk, 205 ROS og 161 gran per daa.

**Plantehøgde:** Gjennomsnittlege plantehøgdar i 2019 var 12,8 dm for furu, 12 dm for bjørk, 8,7 dm for ROS og 12,9 dm for gran.

**Møkk:** Det ble i gjennomsnitt registrert 5 møkkhaugar per daa.

**Beitetrykk:** Beitetrykket i 2019 var for furu 20 %, bjørk 11 %, ROS 79 % og gran 1 %. Beitetrykket kan betenkas som middels til høgt, og spesielt ROS-artane er betydeleg overbeita. Det er ingen tal frå tidlegare takstar og samanlikne med i Seljord.



**Anbefaling:** Indeksen sett per dag viser at elgbestanden er i vekst som fylgje av lave fellingstal dei siste åra etter 2012. Bestandskondisjonen har noko overraskande vore stabil og på eit brukbart nivå i Telemarkssamanhang, noko som nok skyldast at deler av kommunen består av høgareliggjande område med rikare sommarbeite. Vi anbefaler å redusere elg bestanden for å få eit meir berekraftig beitetrykk på ROS-artane. Dette vil og kunne hindre vidare nedgang i bestandskondisjonen. For å oppnå redusert elgtettleik må jaktuttaket aukast.

## 5.0 Gamle målsettingar

### 5.1 Overordna og langsiktige mål

Bestandane av hjortevilt skal ligge på eit stabilt berekraftig nivå og må tilpassast beitegrunnlaget. Kommunen skal ta omsyn til biologisk mangfald, skogproduksjon/skogforynging, fare og ulemper i trafikken, skader på jordbruk og andre område. Viltressursane skal kunne haustast til nytte og glede for jegerar, grunneigarar og andre.

Det er eit mål at heile kommunen framleis er organisert i vald og gjerne bestandsplanområde (to eller fleire vald samarbeider), og ha godkjente bestandsplanar utarbeidd av rettshavarane. Valda / bestandsplanområda bør ha ein storleik og arrondering som fremjar ei god forvaltning.

Elg- og hjortestamma i Seljord skal ha god kondisjon og utnytte beiteressursane utan at det blir for store beiteskadar på inn- og utmark. Bestandane av hjortevilt må heller ikkje bli så store at det fører til store trafikkproblem.

Elg - Det er eit mål at:

- «Sett elg» skal bli registrert av alle jaktlag/jaktfelt. Rapporteringa skal skje digitalt på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) slik at data kan hentast direkte inn i Hjorteviltregisteret.
- Alle jaktlag/jaktfelt skal registrere slaktevekter på felte dyr på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no).
- Det skal takast CWD-prøve (chronic wasting disease = skrantesjuke) av alle vaksne elgar som er felt dersom dette vert vidareført frå overordna myndigheiter.
- Elgen blir forvalta likt og konsekvent over store naturlege samanhengande område, gjerne på sikt i form av eit formelt etablert bestandsplanområde for heile kommunen.
- Kjønnfordelinga i bestanden er på 1,5 kyr pr okse
- Kalveproduksjon bør auke til 0,6 kalv pr ku
- Slaktevekter på kalv og ungdyr bør ligge på 60 kg for kalv og 130 kg for 1 ½-åringar



Hjort - Det er eit mål at:

- «Sett hjort» skal bli registrert av alle jaktlag/jaktfelt. Rapporteringa skal skje digitalt på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) slik at data kan hentast direkte inn i Hjorteviltregisteret.
- Alle jaktlag/jaktfelt skal registrere slakteveker på felte dyr på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no).
- Det skal takast CWD-prøve (chronic wasting disease = skranterjuke) av alle vaksne hjortar som er felt dersom dette vert vidareført frå overordna myndigheiter.
- Hjortestamma bør bestå av mange produktive dyr for å gje ei høg og stabil avkasting.
- Hjortestamma ikkje bør bli så stor at det går ut over vektorer eller den generelle kvaliteten på dyra.
- Hjortestamma ikkje må bli så stor at det fører til for store beiteskadar på skog og innmark.
- Kjønnfordelinga i bestanden bør vere på 1,5 til 2 hind pr bukk.
- Hjortebestanden vert halden stabil på dagens nivå.

## 5.2 Kortsiktige mål

Elg

- Uttaket av elg må ein justere etter elgstamma og statistikkane frå «Sett elg» og «Felt elg». Dersom ein ser for mange elgar, kan ein vurdere at avskytinga bør aukast og motsett.
- Kalveuttaket må aukast for å heve snittalderen i bestanden.
- Ein må spare dei produktive dyra.
- Ved å ta ut kalv, unge og uproduktive dyr, kan ein få ei stamme med meir produktive, men færre dyr.

Tiltak for å nå målsettinga:

- Minst 60 % av uttaket er kalv og 1 ½-åringar.
- Spare produktive kyr og kyr med tvillingkalvar.
- Ha ei kjønnfordeling i uttaket som gjer at ein kan nå målet om 1,5 kyr pr okse.
- Bruke § 7 i hjorteviltforskrifta for å fråvike minstearealet i enkelte område i perioden.

Hjort

Uttaket av hjort har auka i perioden 2011-2018. Uttaket har vore mindre enn tilveksten. Vintrar med mykje snø og gaupe kan virke inn på utviklinga og er eit argument ein kan ta med i dei årlege vurderingane av kvote. Bestanden må holdast på eit nivå som er berekraftig.



Hjorten er meir «klattevis» fordelt i kommunen. Dette kan endre seg litt etter som bestanden aukar. Difor bør minstearealet vera likt i kommunen til ein får litt meir kunnskap om bestandsutviklinga.

Hjortejakta er krevjande og fellingsprosenten vil vera låg. Dette betyr at for å få tatt ut nok dyr må kvota vera ein del høgare enn det uttaket som er planlagt.

- Minstearealet på hjort er i dag 7500 daa pr dyr i heile kommune. Ein bør vurdere å tilpasse dette.
- Minst 50 % av uttaket skal vera kalv eller ungdyr.
- Bruke § 7 i hjorteviltforskrifta for å fråvike minstearealet i enkelte område i perioden.


## Rådyr

Rådyrstamma i Seljord blir utsett for eit svært forsiktig jakttrykk. Det er til dels store område der det i praksis ikkje blir jakta rådyr. Stamma varierer lokalt i kommunen. Minstearealet for rådyr er i følgje forskrifta, 500 daa pr rådyr i heile Seljord. Vi har liten statistikk på kor mange som blir felt. Den beste statistikken ligg på SSB (Statistisk sentralbyrå). Det er rapportert om 25 felte rådyr i kvart av jaktåra 2016-2017 og 2017-2018.

Det er i fyrste rekkje snøtilhøve, gauper og trafikk som regulerer stamma – og ikkje jakta. Kvotefri rådyrjakt vil, etter det kommunen vurderer, ikkje føre til at ein feller for mange dyr slik situasjonen er no. Det vil heller gjere det meir fleksibelt å ta ut meir dyr der det er grunnlag for det. Dette kan føre til reduksjon i talet på rådyrpåkøyrslar langs vegane våre.

## 6.0 Statistikkar og status på kvar vi er i forhold til målsettingar 2019 – 2021


### 6.1 Statistikkar elg



Figur 1: Sett elg 2010 - 2021




Figur 2: Sett elg per jegerdag 2005 - 2021




Figur 3: Sett ku per okse 2010 - 2021




Figur 4: Sett kalv per kalvku 2010 - 2021




Figur 5: Sett kalv per ku 2010 – 2021



Figur 6: Slaktevekt kalv 2010 - 2021




Figur 7: Slaktevekt ungdyr 2010 - 2021



Figur 8: Felt elg 1999 - 2021

Fellingsprosenten var 72,4 i 2019, 78,3 i 2020 og 85,2 i 2021.



Figur 9: Aldersfordeling på elg i % i planperioden 2019 - 2021


## 6.2 Status på elg i forhold til målsettingane for perioden 2019 – 2021

- Jaktlaga har blitt finke til å rapportere i sett og skutt, men det manglar framleis litt på rapportering av slaktevekte, nesten 20 % av felte dyr manglar slaktevekte. Dette er viktig informasjon når målsettingane våre seier noko om ønska slaktevekte.
- CWD prøvar er ikkje lenger aktuelt på elg felt i ordinær jakt i vår kommune.
- Lik og konsekvent forvaltning er vi gode på og det er eit godt samarbeid mellom kommune og jaktrettshavarar, men og jaktrettshavarane seg i mellom.
- Ku/okse forholdet var i planperiodens begynnning i 2019 på over målsettinga (1,5) med 1,75, men har i løpet av planperioden gått ned til under målsettinga på 1,36 (Figur 3). Dette vil naturlig gå litt opp og ned, men om ein ser det i eit lenger perspektiv frå 2010 – 2021 så går utviklinga i forholdstalet nedover.
- Vi skal i fylgje målsettinga spare produktive dyr med tvillingkalvar, likevel så visar statistikken lite tvillingkalvar med 1,01 sett kalv per kalvku i 2019, 1,06 i 2020 og 1,05 i 2021 (Figur 4). Det ligg på akkurat det same i 2021 som det gjorde i 2010.
- Kalv pr ku er i målsettingane for 2019 – 2021 satt til å vere 0,6. Her har vi hatt ei auke i planperioden frå 0,46 i 2019 til 0,61 i 2021 (Figur 5). Her ligg vi på omtrent akkurat det same i 2021 som i 2010 med litt svingingar i åra i mellom.



- Slaktevektene på kalv viser ein svak nedgåande trend frå 2010, men det er kukalvane som ligg under målsettinga om 60 kg dei to seinaste åra (Figur 6). Elles har vi i planperioden logge over målsettinga på både kukalv og oksekalv.
- Slaktevektene på ungdyr viser og nedgang, og noko brattare enn på kalv, her ligg både okse og ku under gjennomsnittet i heile planperioden (Figur 7).
  - Statistikken på slaktevekter har store feilmarginar pga anslege vektar, det er difor viktig at dyra vegast og at slaktevekta rapporterast slik at måla vi set oss faktisk er målbare. Elles har dei liten verdi.
- Vi ligg litt under målsettinga om at 60 % av uttaket skal vere kalv/ungdyr, i heile planperioden, men vi er over 50 % (Figur 9).


## 6.3 Statistikkar hjort



Figur 10: Sett hjort 2010 - 2021




Figur 11: Sett kolle per bukk 2010 - 2021




Figur 12: Felt hjort 2011 – 2021

Fellingsprosenten var 68 i 2019, 74,7 i 2020 og 77,9 i 2021.



Figur 13: Aldersfordeling i 5 på felt hjort



Figur 14: Felt hjort fordelt på alder og kjønn 2011 – 2021 |

## 6.4 Status på hjort i forhold til målsettingane for perioden 2019 – 2021

- På hjort og hjortejakt er rapporteringa dårlegare, og vi har difor dårlegare tal og grunnlag for å sei noko om målsettinga, men og dårlegare tal å leggje til grunn for forvaltinga vidare. Det kan sjå ut som at det er berre når det felles hjort at hjortejakta blir rapportert og ikkje all hjortejakt. Sett hjort er difor ikkje noko å leggje vekt på.
- Registrering av slaktevektar er og dårlegare på hjort enn på elg, nesten 25 % av rapporterte dyr manglar slaktevektar. I tillegg er ein større del av rapporterte vektar anslått verdi og ikkje vegde dyr. Dette gjer at ein har lite pålitelege tal og gå ut i frå i forhold til målsetting om at hjortestamma ikkje skal bli så stor at det går utover vektar eller den generelle kvaliteten på dyra.
- CWD prøvar er ikkje lenger aktuelt på hjort felt i ordinær jakt.
- Lik og konsekvent forvalting er bra også på hjort.
- Sett hind pr bukk har gått frå 1,05 i 2019, opp til 1,45 i 2020 og ned til 1,00 i 2021 (Figur 11). Men dette er som sagt lite å sjå på, og vi må bli betre til å rapportere hjortejakt og sett hjort. Målsettingar som ikkje er målbare har ingen verdi.
- Hjortebestanden er det og vanskeleg å sei noko sikkert om utan sikrere rapportering, men talet på felte dyr aukar og inntrykket i storvalda er at bestanden aukar, så her må vi vere obs for å hindre ukontrollert vekst på kort tid.



- Minstearealet blei i planperioden (2020) endra frå 7500 daa i heile kommune til 5000 daa i heile kommunen.
- Totalt for planperioden ligg vi over målsettinga om at 50 % av uttaket skal vere kalv eller ungdyr, berre i 2021 var vi så vidt under.
- Av felte hjort ser ein at det er ei overvekt av eldre bukkar, men tala viser derimot ikkje om desse er 3 eller 7 år.

## 6.5 Statistikkar og status på rådyr i forhold til målsettingane for perioden 2019 – 2021

- På rådyr manglar vi rett og slett tal og statistikkar i det heile, så her må målsettinga framover vere å skaffe det slik at ein har eit grunnlag for vidare forvaltning.

## 6.6 Hjortevilt og trafikk

ART/ÅR	2019	2020	2021
Hjort	0	3	1
Rådyr	3	8	4
Elg	1	0	0
TOTALT	4	11	5

Dette viser talet på hjortevilt som har døydd i trafikken i Seljord kommune gjennom planperioden, enten på staden eller avliva i ettersøk. Talet på ettersøk er noko høgare, men hjortevilt og trafikk er ikkje eit stort problem i Seljord samanlikna med andre kommunar.

Her er det antakeleg store mørketal fordi mange påkøyrslar ikkje blir rapportert.

## 7.0 Målsettingar for hjortevilt 2022 - 2024

Bestandane av hjortevilt skal ligge på eit stabilt berekraftig nivå og må tilpassast beitegrunlaget. Kommunen skal ta omsyn til biologisk mangfald, skogproduksjon/skogforynging, fare og ulemper i trafikken, skader på jordbruk og andre område. Viltressursane skal kunne haustast til nytte og glede for jegerar, grunneigarar og andre.

Det er eit mål at heile kommunen framleis er organisert i vald og gjerne bestandsplanområde (to eller fleire vald samarbeider), og ha godkjente bestandsplanar



utarbeidd av rettshavarane. Valda / bestandsplanområda bør ha ein storleik og arrondering som fremjar ei god forvaltning.

Elg- og hjortestamma i Seljord skal ha god kondisjon og utnytte beiteressursane utan at det blir for store beiteskadar på inn- og utmark. Bestandane av hjortevilt må heller ikkje bli så store at det fører til store trafikkproblem.

## 7.1 Mål for forvaltning av elg

Langsiktige mål:

- «Sett elg» skal bli registrert av alle jaktlag/jaktfelt. Rapporteringa skal skje digitalt på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) slik at data kan hentast direkte inn i Hjorteviltregisteret.
- Elgen blir forvalta likt og konsekvent over store naturlege samanhengande område, gjerne på sikt i form av eit formelt etablert bestandsplanområde for heile kommunen.
- Kjønnfordelinga i bestanden er på 1,5 kyr pr okse
- Kalveproduksjon bør stabiliserast til minimum 0,6 kalv pr ku
- Slaktevektar på kalv og ungdyr bør ligge på minimum 60 kg for kalv og minimum 120 kg for 1 ½-åringar.

Kortsiktige mål:

- Uttaket av elg må ein justere etter elgstamma og statistikkane frå «Sett elg» og «Felt elg». Dersom ein ser for mange elgar, kan ein vurdere at avskytinga bør aukast og motsett.
- Kalveuttaket må aukast for å heve snittalderen i bestanden.
- Ein må spare dei produktive dyra.
- Ved å ta ut kalv, unge og uproduktive dyr, kan ein få ei stamme med meir produktive, men færre dyr.
- Alle jaktlag/jaktleder skal rapportere slaktevektar i [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) slik at dette oppdateres i hjorteviltregisteret.

Tiltak for å nå målsettinga:

- Minst 60 % av uttaket er kalv og 1 ½-åringar.
- Spare produktive kyr og kyr med tvillingkalvar.
- Ha ei kjønnfordeling i uttaket som gjer at ein kan nå målet om 1,5 kyr pr okse.
- Føre sett elg på den nye nasjonale måten.
- Bruke § 7 i hjorteviltforskrifta for å fråvike minstearealet i enkelte område, og for inntil 1 år i løpet av perioden, ved spesielle behov eller viss særlege forhold dyk opp.

## 7.2 Mål for forvaltning av hjort

Uttaket av hjort har auka i perioden 2011-2021. Uttaket har vore mindre enn tilveksten. Vintrar med lokale forhold av mykje snø og gaupe kan virke inn på utviklinga og er eit



argument ein kan ta med i dei årlege vurderingane av kvote. Bestanden må holdast på eit nivå som er berekraftig.

Hjorten er meir «klattevis» fordelt i kommunen. Dette kan endre seg litt etter som bestanden aukar. Difor bør minstearealet vera likt i kommunen til ein får litt meir kunnskap om bestandsutviklinga.

Langsiktige mål:

- «Sett hjort» skal bli registrert av alle jaktlag/jaktfelt. Rapporteringa skal skje digitalt på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) slik at data kan hentast direkte inn i Hjorteviltregisteret.
- Hjortestamma bør bestå av produktive dyr for å gje ei stabil og prosentvis høg avkasting.
- Hjortestamma bør ikkje bli så stor at det går utover vekter og den generelle kvaliteten på dyra
- Hjortestamma ikkje blir så stor at det fører til for store beiteskadar på skog og innmark.
- Hjortebestanden vert halden stabil på dagens nivå, passe på at bestanden ikkje aukar ukontrollert.
- Kjønnfordelinga i bestanden bør vere 1,5 hind per bukk

Kortsiktige mål:

- Minstearealet på hjort er i dag 5000 daa pr dyr i heile kommune. Ein bør vurdere å tilpasse dette.
- Rekruttere hjortejegerar.
- Betre rapporteringa av hjortejakt.
- Alle jaktlag/jaktleder skal rapportere slakteveker og alder i [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) slik at dette oppdateres i hjorteviltregisteret.

Tiltak for å nå målsettinga:

- Minst 50 % av uttaket skal vera kalv eller 1,5 åringar, for å kunne måle dette må jaktlaga alders bestemme dyra i forhold til desse kategoriane.
- Organisere opplæring på hjortejakt.
- Rapportere hjortejakt på lik linje som elgjakt på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) (kan ein skyte både elg og hjort skal det rapporterast både som elgjakt og hjortejakt).
- Føre sett hjort på den nye nasjonale måten.
- Bruke § 7 i hjorteviltforskrifta for å fråvike minstearealet i enkelte område, og for inntil 1 år i løpet av perioden, ved spesielle behov eller viss særlege forhold dyk opp.

### 7.3 Mål for forvaltning av rådyr

Rådyrstamma i Seljord blir antakeleg utsett for eit svært forsiktig jakttrykk. Det er til dels store område der det i praksis ikkje blir jakta rådyr. Stamma varierer lokalt i kommunen. Minstearealet for rådyr er i fylgje forskrifta, 500 daa pr rådyr i heile Seljord. Vi har liten statistikk på kor mange dyr som blir felt og ingen statistikk på kor mykje det blir jakta.



Det er i fyrste rekkje lokale forhold som snøtilhøve, gauper, rev og noko trafikk som regulerer stamma – og ikkje jakta. Kvotefri rådyrjakt vil, etter det kommunen vurderer, ikkje føre til at ein feller for mange dyr slik situasjonen er no. Det vil heller gjere det meir fleksibelt å ta ut meir dyr der det er grunnlag for det. Dette kan føre til reduksjon i talet på rådyrpåkøyrslar langs vegane våre.

Langsiktige mål:

- Få eit betre og sikrere grunnlag for forvaltinga gjennom å betre rapporteringa på rådyrjakt.

Kortsiktige mål:

- Rådyrjakt og felling skal rapporterast digitalt på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) slik at data kan hentast rett inn i hjorteviltregisteret.

Tiltak for å nå målsettinga:

- Rapportere kjønn og alder på felt rådyr.

## 8.0 Organisering

Valda i kommunen forvaltar ikkje ei eiga elg- eller hjortestamme. Desse dyra trekkjer over grensene til nabokommunar. Dette, saman med variasjonar i stamma innanfor kommunen, gjer det til ei utfordring å forvalte bestanden «rett».

Jakta på elg og hjort er organisert innan fire storvald i Seljord kommune.

Valda dekkjer eit areal på ca 490.900 daa (per 2021).

Valdnamn	areal daa	daa pr felt elg 2021	daa pr felt hjort 2021
Åmotsdal	178.800	5.960	13.754
Flatdal	128.000	6.400	6.400
Seljord vest	99.000	3.960	5.824
Seljord aust	85.100	5.006	21.275

Arealstorleiken for kvart vald er henta frå [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no).

I 2021 vart det felt 92 elgar (ca 5.336 daa pr felt elg) og 54 hjortar (ca 9.091 daa pr felt hjort).

Seljord kommune har eit betre kartverktøy i dag enn for 10 år sidan. Vi er i ferd med å avslutte arbeidet med revidering av teljande areal på hjort og Elg. Dette kan sjå ut til å bli noko mindre enn dagens areal pga at hyttefelt bland anna må trekkast ut. Nå jobbar vi



samstundes med og å leggje inn jaktfelt som eit kartlag. Vi håpar og avslutte dette arbeidet i løpet av 2022.

Minstearealet for elg er i dag 5000 daa i Åmotsdal storvald og 4000 daa i resten av kommunen. For hjort er minstearealet 5000 daa i heile kommunen. Forskrifta vart endra i 2020. I § 15 i hjorteviltforskrifta er det sett krav om at eit vald eller eit bestandsplanområde må disponere eit areal på minst 20 gonger minstearealet for å kunne fremme ein bestandsplan. Dette ser greitt ut for elg. For hjort er to av fire storvald ikkje store nok til å fremme eigen bestandsplan. Dersom ein fråvik minstearealet på ein slik måte at eit vald eller eit bestandsplanområde med bestandsplanen får mindre enn 20 fellingsløyve, vil minimumskravet til 20 gonger minstearealet likevel vere oppfylt, jmf. § 15 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt med kommentarer s. 22.

## 8.1 Avvik frå godkjent bestandsplan

Det er mogleg å overføre inntil 10 % av fellingsløyva mellom år i planperioden.

Kommunen kan trekke godkjenninga av bestandsplan tilbake og tildele nye fellingsløyve viss arealkravet i § 15 ikkje lengre er oppfylt, ved manglande rapportering, ved vesentlege uforutsette endringar i bestanden i området eller ved vesentlege avvik frå godkjent bestandsplan, herunder avvik i forhold til årleg planlagt avskyting i tal, kjønn eller alder. Frist for kommunen til å trekke tilbake godkjenninga er 1. april.

## 8.2 Direkte tildeling frå kommunen

Viss eit jaktlag trekk seg frå eit vald har dei ikkje lenger ein godkjent bestandsplan. Det same gjeld valdet, viss endringane fører til at godkjenning av valdet eller bestandplanen trekkast tilbake jmf § 11 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Viss godkjenninga av bestandsplanen trekkast tilbake av andre årsaker (jmf § 16 i same forskrift) som beskrive under 8.1 Avvik frå godkjent bestandsplan, står og valdet utan godkjent bestandsplan.

For vald utan godkjent bestandsplan bereknast talet fellingsløyve ved å dividere valdets teljande areal med gjeldande minsteareal. Fellingsløyva skal fordelast slik på fylgjande kategoriar:

- a) Elg: 60 % kalv (1/2 år), 15 % vaksne hodyr (1,5 år og eldre) (spare produktive kyr og kyr med tvillingkalvar) og 25 % vaksne hanndyr (1,5 år og eldre).
- b) Hjort: 45 % kalv (1/2 år), 10 % spissbukk (bukk med ugreina gevir), 20 % vaksne hodyr (1,5 år og eldre) og 25 % vaksne hanndyr (1,5 år og eldre).

For begge artar kan kalv fellast i staden for vaksne dyr.

Merk at det ved direkte tildeling frå kommunen ikkje er anledning til å tildele undgdyr (1,5 åringar) jmf. § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Dette avvik frå avskytingsprofil vald med bestandsplan kan leggje opp til.

## 9.0 Felling av skadegjerande hjortevilt

I særskilte tilfelle, der øvrige virkemidlar er forsøkt utan hell, eller der akutte situasjonar oppstår, kan kommunen vurdere skadefelling, jf *Naturmangfoldlova* § 18 fjerde ledd, eller uttak av eget tiltak, jf delegering etter *Naturmangfoldlova* § 18 tredje ledd første punktum.



For at skadefelling skal innvilgast må fylgjande kriteria oppfyllest:

- Bestanden av aktuell art er forsøkt redusert gjennom ordinær jakt.
- 50 % dispensasjon frå minsteareal
- Jaktfeltet i aktuelle vald feller tildelt kvote
- Jakta rettast mot skadelidande areal og nærområde
- Det skal vere gjennomført omfattande skadeførebyggjande tiltak
- Utført skremselstiltak må vere beskriven, av vesentleg omfang, dokumentert og vurdert til ikkje å ha tilstrekkeleg effekt.
- Søknaden må innehalde
- Kva art gjer skade?
- Kor mange dyr er orsaka til skade?
- Kva periodar gjer dyret eller dyra skade?
- Kva er det gjort skade på og i kva omfang?
- Kva tiltak er eventuelt prøvd ut for å redusere eller hindre omfanget av skade, og kva er kostnaden av tiltaka?
- Er eigedomen organisert i jaktvald for arten som gjer skade?
- Har eigedomen vore plaga med hjorteviltskadar tidlegare år?
- Er det søkt om skadefelling tidlegare år?
- Effektar av eventuell tidlegare skadefelling – har det førd til skadereduksjon og kor lenge har det vara?

## 10.0 Nedklassifisering

Nedklassifisering i forhold til vektar skal ikkje førekomme og bruk av vektgrensar bør ikkje implementerast i bestandsplanane. Ein kan skyte yngre dyr enn det som er kvota, men ikkje klassifisere dyr ned i alder pga vekt.

## 11.0 Kassering av dyr

Felt hjortevilt som ikkje er egna som menneskje mat kan kasserast. Kassering kan berre gjerast av veterinær eller av den som kommunen måtte bestemme. Det er i slike tilfelle viktig å kunne vise fram, nødvendige vitale organ (hjarte, lunger, lever, nyrer og milt) ved førespurnad. Dyr som skal vurderast kassert kan visast fram på slakteplass så fram vitale organ og hovud kan visast fram samtidig. Ved kassering tas ikkje dyret på kvota. Men tilfel det kommunale viltfondet som fallvilt og cwd prøve må sendast inn.

Hjortevilt som etter felling visar seg å være skada, magert eller på annan måte oppfattast som mindreverdig skal som hovudregel tas på kvota på ordinær måte. Dette må likevel ikkje vere til hinder for felling av dyr som er openbart sjukt, skada eller hjelpelaust og bør avlivast av dyrefelferdsmessige orsakar.

## 12.0 Ettersøk/skadeskyting

Alle jegerar pliktar å ha eigen, eller tilgang på (skriftleg avtale), godkjent ettersøkshund/ekvipasje ved jakt på hjort, elg og rådyr. Kvant jaktlag sendar inn dokument på, eller kopi av avtale på tilgang til, godkjent ettersøksekvipasje til valdsleiar før jakta startar.



Ved eventuell skadeskyting opphøyrer all jakt på det aktuelle jaktfeltet så lenge ettersøk går føre seg. Innan eget valds grensar skal ettersøk om nødvendig gå ut dagen etter skadeskytinga. På anna vald opphøyrer retten til ettersøk og felling ved utgangen av den dag skadeskutt storvilt kom inn i valdet (hugs og at ein skal melde i frå til jektrettshavar før ein går inn på anna vald). Ved pliktig ettersøk som etter fyrste dag er utan resultat eller går føre seg på annan grunn, skal jeger eller jaktlag gje beskjed til jaktrettshavar og kommunen ved viltforvaltar (punkt 1-4 under 11.1). Viss kommunen overtar jakt-ettersøk kan det aktuelle jaktlaget nyttast som postmannskap eller kjentmann, utan godtgjering, om kommunen finner dette hensiktsmessig. Ettersøk i kommunal regi utførast av fallviltmannskapet.

## 12.1 Kunstig lys på ettersøk

Kunstig lys kan nyttast under ettersøk på skada hjortevilt. Før kunstig lys nyttast skal jegeren varsle kommune, jaktrettshavar og politi, og jegeren har bevisbyrda for at påskyting var lovleg. Sjekkliste for bruk av kunstig lys ved ettersøk:

1. Melde frå til jaktrettshavar
2. Melde frå til kommunen ved viltforvaltar som journalfører og evnt kontaktar fallviltmannskapet: 970 44 023.
3. Opplyse om art, jegers namn, stad, jaktrettshavar og tidspunkt for påskyting, samt oppstart for ettersøk
4. Melde utfallet så fort ettersøk er gjennomført
5. Melde frå til politi et på tlf: 02800 og opplyse om viltart, jegers namn, stad, jaktrettshavar og tidspunkt for oppstart.

Dersom varsling i vesentleg grad vil forsinke ettersøket kan grunnlagt varsling om bruk av kunstig lys sendast dei nemnte instansar umiddelbart etter avslutta søk, men hovudregelen er at det skal varslast i forkant. Mail til viltforvaltar: [merete.trangsrud@seljord.kommune.no](mailto:merete.trangsrud@seljord.kommune.no).

## 13.0 Registrering/ansvar

### 13.1 Jaktleiar

Alle jaktleiarar/jaktfelt har ansvar for å rapportere jaktdagar fortløpande, og alle data skal fyllast inn. All hjort og elg **skal** vegast og aldersbestemast i forhold til kategori. Vekt og alder **skal** registrerast i rapporteringa. Dette er ein viktig faktor for vidare forvaltning og for å kunne kontrollere om vi har nådd måla vi har satt oss. Viss ein kan skyte både hjort og elg, skal jaktdagen rapporterast både som hjortejakt og som elgjakt, og sett hjort skal førast på lik linje som sett elg. Vi har for dårlege tal på hjort, så dette må betrast.

### 13.2 Valdsleiar

Alle valdsleiarar har ansvar for å kontrollere at rapporteringa frå jaktleiarane stemmer, og vidare godkjenne, ferdigstille og registrere fangstrapport. Det er dette som er grunnlag for statistikkar (som igjen er grunnlag for framtidig forvaltning, tildeling av fellingsløyve og liknande) og fakturering av fellingsavgifter.

### 13.3 Kommunen v/viltforvaltar

Kommunen ved viltforvaltar har ansvar for rapportering til ssb.

## Vedlegg: Fristar

### Kommunens fristar

15.03: Kommunen fastset minsteareal for elg hjort og/eller rådyr i forskrift. En eventuell forskriftsendring fastsettest av kommunen innan 15. mars.

01.04: Kommunens frist for å trekke tilbake valdgodkjenning

01.04: Kommunens frist for å trekke tilbake godkjenning av bestandsplanområde

01.04: Kommunens frist for å trekke tilbake godkjenning av bestandsplan

01.04: Kommunens frist for tilbaketrekking av kvotefri jakt på rådyr

01.05: Kommunens frist for å rapportere fallvilt til SSB via Hjorteviltregisteret

15.06: Kommunens frist for å behandle søknad om vald

15.06: Kommunens frist for å behandle søknad om bestandsplanområde

15.06: Kommunens frist for å behandle søknad om bestandsplan for elg eller hjort

15.06: Kommunens frist for å behandle søknad om kvotefri rådyrjakt

15.06: Kommunens frist for utsending av fellingsløyve på elg, hjort og rådyr

30 dagar etter end jakttid: Kommunens frist for å rapportere fellingsresultat til SSB via Hjorteviltregisteret

### Grunneigar og jaktrettshavars fristar

15.01: Fremme forslag om nytt minsteareal

01.04: Trekke eigedom ut av godkjent eller omsøkt vald

01.04: Trekke et vald ut av godkjent bestandsplanområde

01.05: Søke om godkjenning av vald

01.05: Melde endringar i valdet til kommunen

01.05: Søke om godkjenning av bestandsplanområde

01.05: Melde endringar i bestandsplanområdet til kommunen

01.05: Søke om godkjenning eller endring av bestandsplan

